

1. Spørsmåla er stilt av Bjørn Gripsgård Knudsen, leiar i Meland lokallag av NFU

Desse fem spørsmåla gjeld fritids- og feriereiser for menneske med nedsett funksjonsevne. Eg vil freiste å gje eit samla svar på dei ulike spørsmåla som er stilt.

Eg vil i utgangspunktet vise til brevet frå rådmannen som er send ut til foreldre/føresette til tenestemottakarar i Meland heimeteneste i april 2016. Her er det gjort godt rede for dei administrative vurderingane som er gjort når det gjeld ferieturar for menneske med nedsett funksjonsevne. I dette brevet kjem det fram at dette ikkje er ei lovpålagnad teneste.

Meland kommune har lenge hatt ein anstrengt økonomisk situasjon. Kommunen kom inn på ROBEK-lista i 2001 og kom ikkje ut før i 2014. For å komme ut frå registeret var det stor politisk semje om å gjere dei prioriteringane som måtte til. Fokus har vore på dei lovpålagnade tenestene, og at desse skal vere forsvarlege og gode. Dette har medført at vi ikkje finn rom for mange tiltak både innan pleie/omsorg, heimetenestene, skule, barnehage osb. som vi gjerne *vil* tilby, men ikkje finn å kunne yte med det økonomiske handlingsrommet vi har.

Budsjettprosessen i år, som skal avsluttast med eit vedtak i dag, er gjerne den tøffaste på fleire år. Fleire lovpålagnade tenester har vore under sterkt press, og det krev strenge prioriteringar å komme i mål med eit saldert budsjett. Det er m.a. den økonomiske situasjonen til Meland kommune som vil vere avgjerande for kva tenestetilbod kommunen kan yte utover dei lovpålagnade tenestene. Dette vil vere gjenstand for vurdering i dei årlege budsjettprosessane og det er vanskeleg å seie noko sikkert om kva prioriteringar som vil bli gjort i åra frametter. Dette vil og sjølvsagt variere frå dei ulike partia.

Frekhaug, 14.12.2016

Øyvind H Oddekalv

ordførar